

Dette er:

Venstre sin politikk for Vigrestad



venstre

Vigrestad er ein stasjonsby midt i eit av landets beste jordbruksområde. Venstre vil verna om matjorda og difor må vidare utbygging i større grad leggjast til udyrka areal lenger sør i kommunen eller som fortetting i sentrum, gjerne nær jernbanestasjonen.

Området mellom Vigrestad og Sirevåg vil med sine 4 jernbanestasjonar på 15 km kunna bli sentrale i ein framtidig utbyggingsstruktur med eit flott kollektivtilbod.

Området omkring Vigrestad er ei av perlene innan landbruket i landet vårt. Venstre vil utvikla eit lønnsomt og levande miljø for produksjon av mat for framtidige generasjonar. Venstre vil gjera Hå til ein miljøkommune slik at matvarene frå Hå blir sett på som sunne, trygge og ettertrakta hjå forbrukarane.

Bønder er i høgste grad også småbedrifter og må sjåast på som kjerneverksemd i kommunen. Mange gode produsentar vil også stimulera til meir næringsmiddelindustri.

Industri høyrer til på industriområde. Mindre attåttnæringar i tilknytning til landbruket må kunna etablerast i LNF-områder så lenge desse ikkje fører til ulemper for miljø og

nabolag, men når desse blir hovudverksemd må dei flyttast til eit industriområde.

Alle sentra i kommunen skal ha som mål å vera ein triveleg samlingsstad for innbyggjarane. Venstre vil laga nye sentrumsplanar for alle sentra i kommunen med fokus på gode møteplassar, gode kollektivløysingar med jernbanen i sentrum og trivelege buområde med trygge miljøgater og sentrumsnære grøntområde.

“Bybanesatsinga” lenger nord må forlengast til heile Hå slik at alle kan reisa kollektivt til og frå Stavanger / Sandnes – området med avgangar inntil kvart 15 minutt.

Vassdraga våre er særst viktige for miljø og trivsel i kommunen. Venstre vil arbeida aktivt for å byggja eit samanhengande nettverk av turveier, t.d. langs vassdraga frå hav til hei der dette er mulig og gjera dei til attraktive friluftsområde for oss alle.

* Sjå programmet vårt og www.venstre.no/rogaland/haa for meir informasjon.